



Andersen & Sønn Rørleggerforretning AS
Postboks 334
5323 KLEPPESTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6969 - 21/85948

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
16.12.2021

Vedr. rørleggermelding og supplerende dokumentasjon gbnr 445/498 Manger nedre

Tiltak: Tilknytning til kommunalt vatn og avløp
Byggjestad: Langhøyane – gbnr 445/498
Tiltakshavar: Grethe Farestvedt
Ansvarleg søkjar: Andersen & Sønn Rørleggerforretning AS

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til rørleggarmelding motteke 12.08.2021 og supplerande dokumentasjon motteke 29.11.2021.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at vi ikkje kan handsame søknad på noverande tidspunkt.

Rørleggarmeldinga vert avslutta utan ytterligare handsaming. Grunngeving for dette er:

1. Veg og VA-anlegg til bustadfeltet er ikkje etablert.
Veg og VA-anlegg er framleis i søknadsfase og det er usikkert når dette er på plass.
2. Supplerende dokumentasjon:
 - det er ikkje nødvendig å gje rett til å legge leidningar på eigen grunn.
 - gbnr 445/498 kan ikkje gje rett til å legge leidningar i veg (o_KV 17) på gbnr 445/416.
3. I plan er lagt opp til at det vert etablert stikkledningar inn på eigedom. Når desse er på plass kan ein sende inn søknad om løyve til å knytte bustad på kommunalt leidningsnett.

Det er med heimel i VA-norm og «standard abonnementsvilkår for vann og avløp» at Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning sett krav om at hovedleidningar til bustadfeltet skal være etablert før søknader kan handsamast.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Andersen & Sønn
Rørleggerforretning AS

Postboks 334

5323

KLEPPESTØ